# Merknadsskjema – Offentlig ettersyn

| | |
|---|---|
| **Plannavn** | Reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka |
| **Arealplan-ID** | 20150003 |
| **Saksnummer** | 15/1103 |
| **Utarbeidet av** | Opus Bergen AS |
| **Sist revidert** | 20.09.2021 |

| **Nr.** | **Høringsinstanser/ nabomerknader:** | **Hovedpunkt i merknad/uttalelse** | **Forslagsstillers kommentar** | **Endringar** | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | **Kart** | **Føresegner** | **Planomtale** |
| 1 | Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS). 11.07.2019 | 1. Ingen merknader til planen<br>2. Orienterer om søknadsplikt ved tiltak i sjøområde til BF IKS, som etter deira vurdering bør takast inn i føresegnene. | 1. OK, tatt til orientering.<br>2. Tolkar dette som et generelt innspel til reguleringsplanar. Planområdet innfattar ikkje sjø-/havområde, og vi ser derfor ikkje behov for denne orienteringa i føresegna. | | | |
| 2 | Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). 22.05.2019 | 1. Ingen merknader til planforslag. Oppgir sin generelle tilbakemelding til reguleringsplanar på offentleg ettersyn. | 1. Tatt til orientering. | | | |
| 3. | Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR). 04.06.2019 | 1. Det skal være sett av tilstrekkeleg areal på hentestader for opptil 2 dunkar for kvar einskild hushald.<br>2. Ved fellesløysing må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast.<br>3. Det bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar.<br>4. Tilkomstvegar og hentesteder skal ha tilstrekkelig breidde og tåler lastetrykk. Hentestadar bør liggja plant og ikkje være til hinder for anna ferdsel. Bør kunne snu eller ha gjennomkjøring ved hentestad.<br>5. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane.<br>6. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og vert brøyta når det er snø og is. | 1. Det legges opp til 19 bustader innanfor planområdet, det vil dermed være nødvendig med felles løysning for å spare areal.<br>2. Det leggast opp til nedgravne container eller felles bossdunkar innanfor formålet f_BRE.<br>3. Arealet er ca. 12 x 5m, og skal være tilstrekkeleg samt fleksibel til fleire avfallsløysningar.<br>4. Tatt til orientering. Hovudveg fungerer som tilkomstveg og oppstillingsplass skal opparbeidast plant. Snuoperasjon kan gjennomførast som noverande situasjon.<br>5. Tatt til følge. Planlagt og eksisterande leikeplassar vil ikkje påverke området for planlagt hentestad.<br>6. Veg og oppstillingsplass er planlagt offentleg med fast toppdekke, og vil være et naturlig brøyteareal ved snø og is. | | | |
| 4. | Statens Vegvesen (SVV) 19.07.2019 | 1. Slik situasjonen er i dag, må ein søkje Statens vegvesen om løyve til utvida bruk av avkøyrsle om ein vil byggja ut i området.<br>2. Krevjar at reguleringsføresegn §3.1.3.1c endrast til å gjelde igangsetjing av tiltak. SVV meinar at dette også er uheldig å knytte | 1. Tatt til orientering. Vegen er regulert offentleg og det er venta at kommunen skal overta som vegeigar.<br>2. Ikkje tatt til følgje. Det er en pågåande planlegging av utbetring/omlegging av kryss grunna områderegulering 1256_20170002. Dette planinitativet har utarbeidt en grundig trafikkrapport og trafikkanalyse med anbefaling, som vert vedteken i formannskapet i Meland kommune 19.06.2019. (DokumentID 19/12049). Ny områderegulering vil krevje | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | rekkefølgjekravet til noko som ikkje er klart definert, regulert og kostnadsrekna. Dett er er en vesentleg mangel ved reguleringsplanen og samordninga av planarbeida i området.<br>3. Viser til §3.12.4 f. angåande stenging av eksisterande veg. Meiner betre løysning vil være å flytte stengjesymbol nord til o_SVG3.<br>4. Vil fjerna kravet om bom, og finna andre løysingar for stenginga.<br>5. Tilrår å regulere en gangveg igjennom o_SVG4 | utbetring og omlegging av krysset i framtida øst for dagens kryss med venstresvingsfelt (fullkanaliseres). Da dette kan ta tid med fleire aktørar involvert, vil det da være naturlig å sikre opparbeiding/utbetring av kryss for del av Mjåtveitmarka noe frem i tid ved bruksløyve, som en del av utbyggingsavtale for å sikre framdrift/gjennomføringsevne for vårt prosjekt. Alver, tidlegare Meland, kommune meiner den aktuelle reguleringsføresegna er tilfredsstillande slik den er.<br>3. Tatt til følgje. Stengjesymbol flytta til o_SVG3.<br>4. Tatt til følgje.<br>5. Tatt delvis til følgje. Formålet er nå lagt som veg, for å kunne forskyve den interne snuhammeren bort frå eksisterande ask med stigande terreng, dermed bevare trær og lage snuhammeren meir integrert i området.. | X<br><br>X | X<br>X<br>X | |
| 5. | Hordaland Fylkeskommune (HFK) 25.06.2019 | 1. I planområdet er det funne to individ av mellomstore ask. Ask er kategorisert som sårbar (VU) i norsk rødliste av 2015. Då artar i sårbar kategori er av særleg stor forvaltningsinteresse bør tiltaket utvise omsyn til desse førekomstane av arten, og unngå at dei blir utilbørleg råka av utbygginga.<br>2. Ein vurderer det til at omsyn til naturmangfald bør bli omtala i planføresegnene. Ein syner til dei vurderingane i tilleggsnotatet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (opp mot naturmangfaldloven sin § 12), og ber om at omsyn til sårbare artar blir innarbeida tilstrekkeleg. | 1. Tatt til følgje. Snuhammer er flytta nordover for å bevare det største asketreet. Dette er følgd opp i føresegnene.<br>2. Tatt til følgje. Omsyn til ask og sårbare artar vert omtala i føresegnene. | | X | |
| | Fylkesmannen i Vestland 25.06.2019 | 1. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar av mogleg avrenning til Mjåtveitelva. Derfor er ikkje konsekvensane av tiltaket tilstrekkeleg vurdert og opplyst, jf. naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget og forvaltingslova § 17 første ledd. Det er i dag nokon få elvemuslingar igjen i vassdraget og det er på sikt planer om å tilføre nye elvemuslingar i vassdraget for | 1. Tatt til følgje. Det er utarbeidd eit eige notat for vurdering av avrenning mot Mjåtveitelva og eventuelle tiltak samt lagt eit rekkefølgjekrav om tiltak for å hindre avrenning, i føresegnene. | | X | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | å få ei levedyktig bestand. Det er difor av stor betydning at det ikkje kjem noko meir avrenning til vassdraget. Planarbeidet må vise at dette er vurdert og om det er fare for avrenning så må det leggjast inn tilstrekkelege tiltak som føresegn i planen for å hindre dette. | | | | |
| | | 2. Det må vidare knytast rekkefylgjekrav ved tiltak for å hindre avrenning, slik at dette vert etablert først ved byggearbeidet. | 2. Tas til følgje, sjå pkt. 1. | | X | |
| | | 3. Deler av området er støyutsett og reguleringsplanen manglar omsynssone for støy. | 3. Tas til følgje. Omsynssonen for gul og rød støysone tatt inn i plankart under H210 og H220. | X | X | |
| | | 4. Minimum 50% av nye bueiningar utformast som tilgjengelege bueiningar bør vere eit minimumskrav i alle reguleringsplanar i kommunen. | 4. Tas til følgje. Krav til tilgjengelege bueiningar tatt inn i føresegnene. | | X | |
| | | 5. Ved oppstart vart planen varsla i Bergens Tidene og kommunen vurderer sjølv at dette ikkje er ei alminneleg lest avis, og dermed ikkje etter pbl. 12-8 tredje ledd. God medverknad er eit viktig prinsipp i plan og bygningslova. | 5. Tatt til følgje. Det blei lagt ut ny annonse i avisa Nordhordland som gir naboar enda en moglegheit til å komme med innspel til «oppstart. Naboar har tidlegare blitt varsla i BT, samt via brev ved justering av plangrensen ved flerre anledningar. Dei er også orientert ved offentleg høyring. Vi meiner difor at det har vore tilstrekkeleg varsling i saka til at naboar og andre har hatt moglegheit til å ivareta sine interesser. | | | X |